



Dato: 05.10.2024

Stad: Brattvågsenteret

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Eigen stand på

Brattvågsenteret

I staden for det ordinære klubbmøtet onsdag 2. mars, ble medlemmene oppfordra til å møte opp på klubbens eigen stand under det årlege Haustmarkedet på Brattvågsenteret

Det var mykje folk og aktiviteter på senteret denne laurdagen, og mange var også innom Brattvågklubben sin stand der engasjerte rotarianarar informerte om aktivitetane både globalt og lokalt. ML

Dato: 09.10.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Lill-Therese H. Eidsvik:

Kommunalsjef for

Barnehagar og skule

Lill-Therese Hammerbekk Eidsvik ble tilsett som den nye kommunalsjefen for det viktige kommunalområdet Barnehagar og skule då Haram atter vart eigen kommune i 2020.

Ho informerte om ansvar og arbeidsoppgåver i den viktige jobben ho har. Vidare om utfordringar og vyer for åra som kjem der ein ser klare tendensar til

lågare barnetal samstundes som gruppa eldre vil verte stadig større.



Lill-Therese skildrer ei god stemning med godt samarbeid og stor tru på det nye Haram. Takk for eit engasjerande og godt foredrag! ML

Dato: 18.10.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Krabbefest

Presidenten opna møtet med å ønske oss alle velkomne til årets krabbefest.



Som vanleg hadde kameratskapskomitéen gjort eit godt forarbeid med oppdekking og pynting.



Presidenten gav ordet til klubbmester Bjørn J. som losa oss trygt og godt gjennom kveldens program.

Hovedinnslaget, krabben, var denne kvelden av utsøkt kvalitet! Det same kan seiast om innslaga som kom utover kvelden, alt frå vakre tonar frå saksofonen til Øyvind Lervåg til meir eller mindre vågale skrøner frå gjestene.

Innimellom innslaga kosa vi oss som vanleg rundt borda der drøsen gjekk ivrig og latteren sat laust! ML

Dato: 23.10.2024

Stad: Skjelt-Oletunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Skjelt-Oletunet v/Trond Skjelten

Trond tok imot 14 rotarymedlemmer og 1 gjest på Skjelt-Ole tunet 24.10.

Han presenterte Skjelt-Oles og Brattvågs historie.

Oppussingen av "Garsholhuset" fra falleferdig hus til et førsteklases

selskapslokale med utleieleilighet i kjeller og hybler på loftet.



Servering av kaffe og kaker og god tid til prat. HG

Dato: 30.10.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Presentasjon av det nye klubbhuset til Brattvåg IL v/A. Vågnes

Godt frammøte av medlemmer pluss gjester (flere politikere). Arne Vågnes orienterte om det nye klubbhuset til Brattvåg IL. Planleggingen startet i 2019 og søknad om spillemidler og kommunal støtte ble sendt inn. Byggekostnad 19 mill. Kommunal støtte på 4.8 mill ble innvilget, den står fortsatt ved lag.



2024. Ny kommune og nye planer. Byggekostnad 51 mill. Det ble lagt vekt på Bærekraft, Inkludering og

Lidenskap. Flere av arkitektens skisser ble vist - byggekostnader og finansieringsplan. Søknad om kommunal støtte er sendt. Mange tanker og spørsmål fra forsamlingen.

Til slutt orienterte Chatrine om økningen av polio. HG

Dato: 07.11.2024

Stad: Eidsvika

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Presentasjon av AAPW v/Peder Aakre

6.11.2024 Bedriftsbesøk AAPW - Aalesund Protectiv Wear - Aalesund Oljeklede/StraKofa/Regatta/ i deres nye lokaler i Eidsvika.

14 rotarymedlemmer deltok. Omvisning på lager og utsendelsesavdeling av Peder Aakre.



Deretter samling i kantina der vi ble orientert om overtagelse og restaurering av bygget.

Produksjonen foregår stort sett i China. Lager, pakking og utsendelse foregår fra Eidsvika. Forretningsidé og framtidplaner ble presentert.

Hovedadministrasjonen er i Ålesund. Designere leies etter behov.

40 ansatte og 200 mill. i omsetning.

Peder Aakre omtalte Haram kommune som en næringsvennlig kommune.

Chatrine takket for oss. HG

Dato: 11.11.2024

Stad: Sula

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Guvernørbesøk

Guvernør besøk ved Lidun Hareide frå Ulstein Rotaryklubb.

Fellesmøte med Sula, Spjelkavik og Brattvåg.

Sula Rotaryklubb stod som arrangør i Sula Vekst sine lokaler. Brattvåg Rotaryklubb var godt representert med 8 medlemmer av dei omlag 25 frammøte.

Møtet var lagt opp med felles presentasjonar frå kvar av klubbane i plenum.

Dette har vore den nye måten å legge opp guvernørbesøka på. Det har fått gode tilbakemeldinger og gir klubbane bedre innsyn i kvar dei nærliggende klubbane har organisert seg og korleis dei driv klubben sin.



Guvernør Lidun Hareide tok føre seg siste delen av møtet og presenterte korleis ho ville påvirke til å bedre rotarykvardagen til medlemmane. Sentrale tema som ho belyste var å auke innflytelse, nå ut til fleire og auke medlemmane sitt engasjement. Ho fortalde om si ferd i rotary og det arbeidet ho har gjort og vil gjere for å stimulere til ein bedre rotarykvardag.

Ei engasjert og flink dame som kom med mange gode innspel for

å synleggjere Rotary og stimulere medlemmer til å oppleve større engasjement.

Takker også Sula Rotaryklubb som arrangør for møtet.

Dato: 20.11.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Bærekraft og sirkulærøkonomi v/Jill Vatle

Møtet starta med at president Cathrine ønska velkommen og orienterte om klubbsaker.

Klubben har saman med bygdeparken investert i nytt trådløst lydutstyr.

Jill fortalde litt om bakgrunnen for oppstart av studium som starta i 2018 og ho enda opp med ein BSc i ledelse med valfag om Bærekraft.

Arbeider til dagleg ved Kongsberg Maritime.

Fortalde om balanse i bærekraft og dei tre elementa miljø, økonomi og sosiale forhold som må til for at dette skal fungere.

FN sin 17 bærekraftsmål var opplista - omfattande.

Orienterte om forskjellene på lineær økonomi og sirkulær økonomi.

Lineær økonomi har linja- Råvare, produksjon, distribusjon, forbruk og avfall.

Sirkulær økonomi har linja- Råvare, design, produksjon, salg, bruk, reparasjon, reproduksjon og avfall.

Delingsøkonomi er på veg inn, mest i dei større byane. Heng litt etter i utkantene.

Stimulere til gjenbruk og deling er viktig for miljøet.

Air BnB, To good to go og deling av bilhold i byer vart nemnt.

Orienterte om Kongsberg Maritime sine satsingsområder i forhold til FN sine mål.



Alle kan gjere litt - Ingen kan gjere alt.

Takker Jill for eit tankevekkende foredrag. Ref ThorG

Dato: 27.11.2024

Stad: Valaker Bakeri & Konditori

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Bærekraft og sirkulærøkonomi v/Jill Vatle

17 forventningsfulle rotaryanere møtte i Søvika møtte denne kvelden.

Liv Anette Valaker Røren og Johanne Alvestad fortalde om bakeriet. Frå oppstarten med Marvin og Gyda Valaker i 1957 og fram til i dag.

Det har vore ei rivande utvikling med mykje arbeid og lange dagar. Har resultert i ei bedrift med 55 tilsette og ei omsetting på 220 mill i 2023.

Det starta med bakeri i Søvik og manuelt arbeid. Etter kvart vart det avtaler med Coop Møre og seinare Go-mann

Produksjonen har blitt meir og meir automatisert og dei etter kvart blitt ISO sertifisert.

Etter kvart har det blitt 14 utsalg rundt om på Nordvestlandet. 9 Valaker utsalg og 5 Braud utsalg. Siste utsalget vart oppretta i Molde og står no i startfasen med å etablere seg i Oslo.

Samarbeidet med Go-mann vart i 2024 terminert og Valaker går vidare åleine.

Frå Søvika vart det transportert bakervarer til omlag 70 utsalg. Liv vart påskjønta med Årets Eldsjel 2024.



Alf Røren, mannen til Liv tok oss med rundt i produksjonslokala i Søvika og vi fekk sjå eit moderande bakeri. Teknikk og automatisering har tatt over for manuelt i tradisjonelt bakervirke. Produksjon av smultringer og knekkebrød stod på programmet i produksjonen og vi fekk ei innføring i dette.

Takker Liv, Johanne og Alf for eit engasjert og opplysende bedriftsbesøk. Ref ThorG

Dato: 04.12.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Presidenten har ordet/Komitéarbeid

Eit halvt år har straks gått og presidenten oppsummerte aktiviteten så langt samt skisserte dei vidare planane for neste halvår.

Komitéane fekk så høve til å evaluere arbeidet sitt og justere planane for våren 2025. ML

Dato: 11.12.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag: Julemøte

Vi vart møtt med eit julepynta lokale som også var klargjort med kaffi og jukekaker m.m.

Kjekt å samlast til eit uhøgtidleg og triveleg samvær med god stemning og god prat.

Vi vart også utfordra med ein artig julequizz. Då det ikkje gjekk så bra for gruppa til referenten, vert resultatlista derfor forbigått i stillheit.

Takk til kameratskapskomitéen og Anne Marit!

God jul!

ML